



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Karoline Aldis Bjerkeset, 5764 3093

Stimuleringstilskot for kommunale veterinærtenester 2019 - Lindås kommune

Vi syner til søknad om stimuleringstilskot til kommunale veterinærtenester 2019 frå Lindås kommune datert 21.03.2019. Søknaden femner Lindås, Austrheim, Fedje, Meland og Radøy kommune. De søker om kr 600 000 som skal gå til driftstilskot til fire veterinærer.

Føremål med tilskotet

Kommunane har ansvar for å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell jmf. lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell. Stimuleringstilskotet til kommunale veterinærtenester skal medverke til dette.

Stortinget har løyvd kr 44,321 mill. kroner til stimuleringstilskot til kommunale veterinærtenester, der Hordaland har fått tildelt 4 427 000 kr og Sogn og Fjordane har fått tildelt kr 3 959 000. Løyvinga for 2019 er ei kraftig auke frå tidlegare år og det er difor handlingsrom for å prioritere midlar til fleire kommunar og til fleire tiltak i 2019.

Det er stor fridom i korleis kommunane og veterinærvaktdistrikta kan nytte tilskotet. Vi nemner likevel at tilskotet ikkje skal gå til samfinansiering av klinisk veterinærvakt utanom kontortid som vert dekkja av vakt- og administrasjonstilskot som vert direkte utbetalt til administrasjonskommunen i vaktistrikta frå Landbruksdirektoratet. Vi nemner også at veterinærane får tilskot til reiser i samband med sjukdomsbesøk og inseminasjon på visse vilkår.

Vurdering av søknadane

Prioritering av søknadane og tildeling av midlar er eit resultat av ei heilskapleg vurdering av fleire faktorar.

Vi syner til rundskriv 2018-51 frå Landbruksdirektoratet som legg grunnlaget for Fylkesmannen sine prioriteringar ved tildeling av stimuleringstilskot og til brev med utlysing frå Fylkesmannen datert 05.02.2019. Kommunar med dårleg næringsgrunnlag vert prioritert. Lågt dyretal og krevjande infrastruktur vert vektlagt, i tillegg til at tiltaka vert vurdert som er hensiktsmessige med tanke på å



rekruttere og behalde veterinærar. Vi har også nytta hjelpemiddel utarbeidd frå Landbruksdirektoratet frå 2018 som ein del av vurderinga i tillegg til vårt eige skjønn.

Vedtak og utbetaling

Lindås kommune vert tildelt kr 600 000 i stimuleringstilskot.

Vi føreset at kommunen nyttar tilskotet i tråd med innsendt søknad.

Vedtak om tildeling av tilskot til kommunar er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltningslova. Kommunane har difor ikkje høve til å klage på vedtak om stimuleringstilskot.

Fylkesmannen i Vestland vil betale ut tilskotet med det aller første.

Rapportering og kontroll

Vi ber om at kommunen rapporterer på bruk av midlane. Rapporten skal syne til:

- Kor mange veterinærar som har fått tildelt stimuleringstilskot.
- Kva type aktivitet/tiltak stimuleringstilskotet har blitt nytta til.
- Ei kort vurdering av veterinærkapasiteten i kommunen/vaktdistriktet.
- Totalbeløp som er nytta til stimuleringstiltak i kommunen/vaktområdet og finansieringa av dette.

Vi ber om at de sender inn rapport innan 31. januar 2020.

Vi syner til Staten sitt bevilgningsreglement § 10, andre ledd, der det heiter:

«Ved tilskudd eller lån til offentlig eller privat virksomhet som ellers ikke er undergitt statlig kontroll, skal det tas forbehold om adgang for tilskuddsforvalteren til å føre kontroll med at midlene benyttes etter forutsetningene.»

Fylkesmannen kan gjennomføre kontroll med denne tilskotsordninga der føremålet er å vurdere om de har nytta midlane i tråd med føresetnadane.

I tilfelle der tildelt tilskot ikkje vert brukt i samsvar med føremålet til denne ordninga, kan det bli sett fram krav om tilbakebetaling av tilskot, eller eventuell reduksjon av tilskot i etterfølgjande år.

Med helsing

Christian Rekkedal (e.f)
Landbruksdirektør

Karoline Aldis Bjerkeset
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:



Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM